



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

<postNr> BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/8 - 16/26237

Saksbehandlar:
Nora Gjerde
nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:
22.09.2016

Uttale til regional planstrategi 2016 - 2020, Hordaland fylkeskommune

Kommunestyret - 056/16:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Lindås kommune sin uttale til regional planstrategi 2016-2020 blir vedtatt slik den er lagt fram i saka.

Formannskapet - 096/16

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samøystes vedteke.

FO - vedtak:

Lindås kommune sin uttale til regional planstrategi 2016-2020 blir vedtatt slik den er lagt fram i saka.



Kommunestyret - 056/16

KO - behandling:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Lindås kommune sin uttale til regional planstrategi 2016-2020 blir vedtatt slik den er lagt fram i saka.

Saksopplysningar:

Saka skal til avgjerd i formannskapet 1. september 2016.

Høyringsuttale

Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune har utarbeida framlegg til regional planstrategi, og set seg som mål å vera ein tydeleg pådrivar for samfunnsutvikling i fylket. Regional planlegging er ein reiskap for å sjå utvikling i heilskap, samordna sektorar og forvaltningsnivå og staka ut ein felles kurs. Den regionale planstrategien set den overordna kursen for Hordaland og gir klare prioriteringar for vidare felles satsingar. Planstrategien er ein felles plan for heile fylket då den inneheld forslag til langsiktige mål for utviklinga i Hordaland og prioriterte hovudmål og strategiar for dei neste åra.

Mål for Hordaland fylke i regional planstrategi

Den regionale planstrategien peikar ut langsiktige mål for utviklinga i Hordaland, samt prioriterte hovudmål og strategiar for dei neste åra. Den inneheld også forslag til kva regionale planar som skal utarbeidast, reviderast eller fortsatt gjelda i denne fire års perioden. Å vere berekraftig, attraktiv og nyskapande er langsikte mål, og vert lagt til grunn for å vurdera kva utfordringar fylket står ovanfor på kort og lang sikt. Hovudmåla er forma ut i frå den aktuelle situasjonen i dag og kva fylket i perioden 2016 – 2020 skal ha fokus på for å nå dei langsiktige måla. Hovudmåla i denne planperioden, med tilhøyrande strategiar, utviklingstretning og planbehov:

- Høg sysselsetting
- Eit inkluderande samfunn
- Klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk vestlandsregion

Vurdering

Mål for Lindåssamfunnet i kommunal planstrategi

I arbeidet med ny kommunal planstrategi for Lindås kommune 2016 – 2019 er det nokre overordna føringar som legg premis for kva planar som skal prioriterast i kommunen. Tre hovudområder har skilt seg ut:

- Førebu kommunesamanslåing
- Førebu regional vekst og fortetting rundt regionsenter
- Legge til rette for best mogleg utvikling av næringslivet

I juni 2016 sa kommunestyrene i Meland, Lindås og Radøy ja til kommunesamanslåing i 2020. For å vera best mogleg rusta til å gå inn i ein ny kommune, er det viktig at Lindås prioriterer planar som skal vere eit grunnlag inn i den nye kommunen. Kommunen legg opp til full rullering av kommuneplanens samfunnsdel, og rullering av særskilte tema i kommuneplanens arealdel.

Ein storkommune i Nordhordaland vil få ca. 28 500 innbyggjarar. I perioden fram mot 2030 er det og venta stor vekst i Bergensregionen, kor Nordhordaland som region skal handtere mykje av denne veksten. Spesielt i den sørlege delen av regionen med regionsenteret er det forventa vekst. I dette perspektivet er det viktig å planlegge den sørlige delen si rolle i forhold til Bergen, Meland og Radøy og resten av regionen. Pågåande arbeid med regional areal- og transportplan for Bergensområdet legg opp til eit utbyggingsmønster som legg til rette for vekst i bustader og næringsareal innanfor berekraftige ramar. Hordaland fylkeskommune definerer klima- og miljøvennleg utvikling som eit av hovudmåla i regional planstrategi. Lindås legg areal- og transportsamordnande prinsipp til grunn i planlegginga, dette for å skape ramar for velfungerande sentre, ein berekraftig arealforvaltning og redusere personbiltransport. Fortetting og senterutvikling rundt regionsenteret Knarvik, og i lokalsentra Ostereidet, Lindås og Alversund vil prioriterast i denne planperioden.

Kommunen må samstundes ta hensyn til at Lindås er ein utstrakt kommune med store avstandar og eit spreidd busetnadsmønster med svært ulik grad av kollektivdekning. For dei som ikkje bur i dei definerte senterområda er folk avhengig av bil. Kommunen må bruke ressursar på å legge til rette for helsefremjande samfunnsplanlegging i heile kommunen, som t.d. trygge lokalsamfunn og gode nærmiljø for oppvekst, læring, arbeid og fritid. Dette for å bidra til sosial utjamning, skape eit inkluderande samfunn og styrke folkehelsa i heile befolkninga.

Regional planstrategi set høy sysselsetting i fylket som eit hovudmål for denne planperioda. Med Knarvik som regionsenter og som del av arbeidsmarknaden til Bergen, har kommunen som eit hovudmål å tiltrekke seg arbeidskraft ved å gje gode ramar for næringslivet. Langsiktig tilrettelegging av infrastruktur og transportsystem blir avgjerande for næringsutviklinga. Lindås har som målsetting å legge til rette for eit variert og robust næringsliv i heile kommunen. Kommunen vil likevel konsentrere næringsvirksomheter rundt regionsenteret og i dei definerte nærsentra, i tråd med føringar i blant anna regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 og regional areal- og transportplan for Bergensområdet. I det vidare arbeidet med samfunnsdelen vil kommunen drøfte meir konkret kva rolle kommunen sjølv skal ha i å legge til rette for nyetableringar.

Oppsummering

Lindås kommune stiller seg positiv til både dei langsiktige måla i den regionale planstrategien og til hovudmåla for denne planperioden. Lindås registerer at fylkeskommunen og kommunen fremjar mål og strategiar for samfunnsutviklinga som dreg i same retning.

Med helsing

Nora Gjerde
administrasjonssekretær

Mottakarar:

HORDALAND FYLKESKommune

Kopi til:

Parter i saka: